

Covid-19 og næringslivet i Vestland

- Felles kunnskapsgrunnlag 7-2021

Korleis blir næringslivet i Vestland påverka?

Sist oppdatert: 13. september 2021

Felles kunnskapsgrunnlag
for covid-19 og oljeprisfallet
blir publisert månedleg

Regional analysegruppe



BERGEN
KOMMUNE



NHO

Vestlandet



LO Vestland



BERGEN
NÆRINGSRÅD
Bergen Chamber of
Commerce and Industry



Regional analysegruppe



Ønsker du å få tilsendt nye versjonar av datagrunnlaget når dei er klare? Send epost til lasse.hansen@vlfk.no.

BAKGRUNN

På initiativ frå Næringsforum Vestland er det oppretta ei ad hoc analysegruppe som har som formål å kartlegge og gjere tilgjengeleg statistikk og analysar knytt til den pågåande covid-19-epidemien og kva påverknad dette har på næringslivet i Vestland.

Grappa skal fungere som eit møtepunkt for å diskutere problemstillingar knytt til datainnhenting og eventuelle hòl i kunnskapen, deling av relevant informasjon og utviklinga av ei felles forståing av situasjonen næringslivet i fylket står ovanfor, både på kort og lang sikt.

Grappa vil kvar måned publisere eit kunnskapsgrunnlag med oppdaterte data.

Spørsmål, innspel eller ønsker du å få tilsendt nye versjonar av datagrunnlaget når dei er klare? Kontakt prosjektleiar:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen: lasse.hansen@vlfk.no, 99 22 84 58.

Følgjande organisasjonar deltek i analysegruppa:

Vestland fylkeskommune (prosjektleiing)

Bergen kommune

NAV Vestland

Innovasjon Norge Vestland

NHO Vestlandet

LO Vestland


KS Vest-Norge

Bergen Næringsråd

Sogn og Fjordane næringsråd

Nøkkelfunn frå denne versjonen


15 700 arbeidssøkjjarar i Vestland



Tal arbeidssøkjjarar i Vestland er no på 15 700. Det er ein liten nedgang sidan byrjinga av august. Samstundes er 71 % av desse no langtidsledige.


[Sjå s. 4-7 for meir.](#)

Marknadssituasjonen held seg stabil




Vestland-tal frå NHO si medlemsundersøking i byrjinga av september syner at marknadssituasjonen held seg stabil for verksemdene i Vestland. Nesten 1 av 5 rapporterer imidlertid om ei dårleg marknadssituasjon. [Sjå s. 8 for meir.](#)

2021 har vore betre enn venta for mange




Tal frå medlemsundersøkinga til Næringsalliansen i Vestland i august viser at nær halvparten av verksemdene rapporterer om at aktivitet og «helsetilstand» er betre enn forventa for eitt år sidan. 4 av 10 ventar også å rekruttere fleire tilsette i 2022. [Sjå s. 10-11 for meir.](#)

2021 liknar veldig på 2020 for overnattingsstadar i Vestland



Tal frå SSB viser at talet kommersielle overnattingar i Vestland i årets første sju månader er 2 % høgare enn på same tid i fjor. Nasjonalt er 2021 framleis langt under 2019-nivå. [Sjå s. 13 for meir.](#)


Utvikling i arbeidsledige i Vestland i 2020-21 (kjelde: NAV Vestland)



15 700 arbeidssøkjalar i Vestland i august 2021

- Ved utgangen av august 2021 er 4,6 % av arbeidsstyrken i Vestland arbeidssøkjande (heilt og delvis ledige pluss arbeidssøkjalar på tiltak). Det er ein nedgang på 0,2 prosentpoeng frå juli, og dermed er det sjetzte månad på rad med nedgang i ledigheita.
 - Likevel er det framleis over 15 700 arbeidssøkjalar i fylket, 3 600 fleire enn februar 2020 og 4 400 fleire enn august 2019.
- Talet heilt ledige går ned (÷1 275), medan talet delvis ledige (+314) og arbeidssøkjalar på tiltak (+226) går opp.
- Det er framleis klart flest arbeidssøkjalar innan reiseliv og transport, følgt av serviceyrke, butikk- og salsarbeid og industriarbeid.
 - Størst er nedgangen innan reiseliv og transport (÷236), serviceyrke (÷132) og butikk- og salsarbeid (÷109). Dette heng truleg saman med oppbemanning til sumarsesongen.
- På neste side er ei grafisk framstilling frå NAV Vestland som viser korleis arbeidssøkjalarane ved utgangen av november fordelte seg mellom permitterte og ikkje-permitterte.


Arbeidssøkjalar i Vestland etter yrkesgrupper, august 2021




Kjelde: NAV Vestland.

Arbeidssøkjarar i Vestland 3. september fordelt på status

NAV Vestland har 15 708 arbeidssøkjarar registrert:




Arbeidsmarkedstatus etter varighet (+/- 26 uker) for arbeidssøkjere i Vestland i august 2021



71 % av arbeidssøkjere i Vestland er langtidsledige

- Ved utgangen av august 2021 var 71 % av dei arbeidssøkjande i Vestland langtidsledige (dvs. arbeidssøkjere i meir enn 26 veker). Det er om lag det same som i juli.
- 64 % av heilt ledige, 79 % av delvis ledige og 80 % av arbeidssøkjere på tiltak er langtidsledige.
- Tal heilt ledige som er langtidsledige gjekk ned med over 1 000 personar i august, samstundes som det blei 431 fleire langtidsledige blant delvis ledige og 193 fleire blant arbeidssøkjere på tiltak.
- Det er stor variasjon mellom kommunane:
 - I Eidfjord er 85 % av arbeidssøkjere langtidsledige, medan det i Sollund «berre» er 43 %.
 - Målt som del av arbeidsstyrken er delen langtidsledige høgast i Ulvik. 4,4 % av arbeidsstyrken i kommunen er langtidsledige per august 2021.
 - Desse tala vil variere ein del frå månad til månad, sidan korttidsledige før eller sidan anten kjem tilbake i jobb eller går over i langtidsledigheit. Dermed vil ein kunne få relativt store skift om lag 26 veker etter ein periode der mange gjekk ut i ledigheit. I små kommunar er også tala såpass små at det er snakk om relativt få personar frå eller til før det gjer tydelege utslag.


Langtidsledige (>26 uker) som del av arbeidsstyrken i kommunane i Vestland etter status, august 2021



Kjelde: NAV Vestland.

Bergen har no høgast tal heilt ledige som del av arbeidsstyrken

- Ved utgangen av august er det Hyllestad, Øygarden og Bergen som har høgast del heilt ledige som del av arbeidsstyrken.
- For dei aller fleste kommunar er delen heilt ledige i arbeidsstyrken langt lågare enn på same tid i fjor. For Gloppen (+34 %), Sollund (+25 %) og Hyllestad (+8 %) er imidlertid tala høgare enn for eitt år sidan.
- Det er stort sett kystkommunar, kommunar i Bergensregionen og langs Sognefjorden, samt Ulvik i Hardanger, som har høgst del heilt ledige i arbeidsstyrken per no.
- I tal er ledigheita klart størst i Bergen. Ved utgangen av juni er nesten 4 800 personar heilt ledige, medan ytterlegare 2 900 er delvis ledige og litt under 750 er på tiltak.




Kjelde: NAV Vestland.
Tal er i % av arbeidsstyrken.

Marknadssituasjonen stabil for vestlandsverksemdene


- Tal frå medlemsundersøkinga til NHO frå byrjinga av september viser at 18 % av verksemdene i Vestland rapporterer om at den generelle marknadssituasjonen er dårleg.
 - Dette er lågare enn før sommaren, men samstundes ei marginal auke sidan botnpunktet i juli. Endringa er så lita at det ikkje må vektleggjast.*
 - På same tid har delen som melder om ein god marknadssituasjon logge omtrent stabilt på 1 av 3 verksemdar.*
- Det er om lag like stor del som rapporterer om ein dårleg marknadssituasjon uansett tal tilsette i verksemda. Store verksemdar (>50 tilsette) rapporterer imidlertid i noko større grad om ein god marknadssituasjon (39 %) enn mellomstore verksemdar (10-49 tilsette, 32 % svarar god) og små verksemdar små verksemdar (under 10 tilsette, 30 % svarar god).
- Delen som rapporterer om nedgang i omsetnaden samanlikna med normalen har stort sett gått jamt nedover sidan februar 2021. Per byrjinga av september melder 1 av 3 verksemdar om redusert omsetnad. På det meste rapporterte 71 % om lågare omsetnad enn året før (i midten av april 2020).
 - Merk at NHO endra formuleringa på spørsmålet f.o.m. april 2021, slik at det i april ikkje lenger er «sammenliknet med samme periode i fjor», men heller «sammenliknet mot normalt».*

Kjelde: Medlemsundersøkingar frå NHO (tal for Vestland)

Hvordan vurderes den generelle marknadssituasjonen for din bedrift?



Hvordan har omsetningen i din bedrift vært, siste fire uker?




1 av 4 verksemdar ventar lågare omsetnad dei neste 3 månadane


- Tal frå NHO viser at om lag 1 av 3 verksemdar i Vestland ventar høgare omsetnad det neste kvartalet. Dette talet har logge stabilt sidan sommaren.
- Samstundes har delen som ventar lågare omsetnad gått frå 20 % i juli til 27 % i august og 25 % i byrjinga av september. Dette kan ha samanheng med at sommarsesongen er høgtid for mange verksemdar i Vestland.
- 17 % ventar auka sysselsetting dei neste tre månadane, og like mange ventar nedgang i sysselsettinga i si verksemd. Verksemdar med meir enn 50 tilsette er mest positive, kor 22 % ventar å tilsette fleire.
- Delen som vurderer at det er ein reell risiko for konkurs er 9 %, medan 14 % rapporterer om at dei manglar pengar til å betale rekningar som forfell om kort tid.

Kjelde: Medlemsundersøking frå NHO (tal for Vestland) 31. august-6. september 2021


Omsetning




Sysselsetting




Salgspriser



Ordreserver



Hvordan er bedriftens aktivitet og "helsetilstand" i forhold til det som var forventet for 1 år siden?




2021 har vore betre enn venta for mange

- Tal frå Næringsalliansen i Vestland si medlemsundersøking i august 2021 syner at nær halvparten av verksemdene rapporterer om at aktivitet og «helsetilstand» er betre enn forventa for eitt år sidan.
 - *Det er innan olje og gass, varehandel og maritim høgst del verksemdar seier det går betre enn venta, medan det for 2 av 5 reiselivsverksemdar har gått dårlegare.*
 - *Merk: det er relativt få verksemdar per bransje.*
- Om lag like mange svarar at den økonomiske utviklinga ser ut til å bli sterkare enn i fjor.
 - *Samstundes svarar 1 av 5 at 2021 ser ut til å bli verre enn 2020.*
 - *Dette er om lag like mange som svarar at aktivitet og helsetilstand er dårlegare enn venta.*

Kjelde: Medlemsundersøking for Næringsalliansen i Vestland i august 2021.

Hvordan ser den økonomiske utviklingen ut til å bli for din bedrift?




4 av 10 ventar å rekruttere i 2022


- Tal frå Næringsalliansen i Vestland si medlemsundersøking i august 2021 syner at nesten 2 av 3 planlegg auka aktivitet i 2020 samanlikna med dagens nivå.
 - Berre 4 % planlegg lågare aktivitet.*
- 4 av 10 ventar å ha fleire tilsette til neste år, medan berre 3 % ventar nedgang i tal tilsette.
- Leverandørindustrien, olje og gass, IKT og maritim er bransjane kor flest verksemder ventar å rekruttere. Merk: det er relativt få verksemder per bransje.
 - 7 av 10 innan leverandørindustrien*
 - 6 av 10 innan olje og gass*

Kjelde: Medlemsundersøking for Næringsalliansen i Vestland i august 2021.

Hvilket aktivitetsnivå planlegger bedriften i 2022 i forhold til dagens?




Forventning til rekruttering neste året




I hvor stor grad er dette utfordrende for din bedrift i dag? Vurder dem fra 1 (liten) til 6 (stor)

Sist oppdatert: 5. sept. 2021



Velg de fire viktigste behovene som du mener styrker konkurranseevnen for din bedrift? (Maks 4 kryss)



Råvarepriser og tøffare marginar presser vestlandsverksemdene

- Tal frå Næringsalliansen i Vestland si medlemsundersøking i august 2021 syner at tøffare marginar på oppdrag og høgare råvarepriser er dei største utfordringane for verksemdene.
- Tilgang på kompetent arbeidskraft er det desidert viktigaste for å styrke konkurransekrafta til medlemmane i næringsalliansen.
 - *Rundt halvparten svarar også føreseielege rammevilkår og tettare nettverkssamarbeid..*


Kjelde: Medlemsundersøking for Næringsalliansen i Vestland i august 2021.

Til no liknar 2021 veldig på 2020 for overnattingsstadar i Vestland


- Tal frå SSB viser at talet kommersielle overnattingar i Vestland i årets første sju månader er 2 % høgare enn på same tid i fjor.
 - Det er 46 500 fleire kommersielle overnattingar av norske gjestar til no i år samanlikna med på same tid i fjor, medan det er 7 300 færre overnattingar av utlendingar.
 - Vi har ikkje pre-pandemital for Vestland, men for landet som heilskap er tala så langt i 2021 langt under 2019 og åra før.
- Vestland har lågast vekst til no i år av fylka på Vestlandet (+4 % totalt i Møre og Romsdal og +7 % totalt i Rogaland).
- Talet kommersielle overnattingar i Vestland i juli 2021 var omtrent identisk med same måned året før.
 - Talet norske overnattingar gjekk ned med 18 000, medan talet utanlandske auka om lag like mykje.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå tabell 12892


Utvikling i kommersielle overnattinger etter bostedsland i fylkene på Vestlandet, jan-juli 2020-2021



Overnattinger i Vestland hittil i år etter bostedsland, juli 2021-juli 2020




Verdi av norsk sjømateksport per måned



Sjømateksporten sett stadig nye rekordar

- Veksten i verdien av sjømateksporten held fram. Etter at første halvår av 2021 var det beste nokosinne for norsk sjømateksport, er også juli og august 2021 dei beste juli- og august-månadane vi har opplevd.
- I august 2021 blei det eksport sjømat for 9,6 milliardar kroner. Det er heile 2,3 milliardar kroner meir enn same månad i 2020 og 1,1 milliardar meir enn i 2019.
 - *Dette heng saman med auke i både pris og volum, spesielt innan laks, makrell, klippfisk og kongekrabbe.*
- Til no har vi eksportert høgare volum enn i fjor til land som Polen, Kina, Nederland, Frankrike, Spania, USA og Tyskland.
- Laks står for om lag 2 av 3 kroner i sjømateksport i år, sjølv om den «berre» utgjør 41 % av eksportvolumet. Det syner prisskilnadene mellom ulike fiskesortar.


10 største eksportmarkeder for sjømat hittil i år målt i mengde



Kjelde: Norsk Sjømatråd, tilgj. frå <https://nokkeltall.seafood.no/> [besøkt 6.9.2021] og artikkelen «August-rekord for sjømateksporten» frå E24, tilgj. frå <https://e24.no/hav-og-sjoemat/i/y4gpzJ/august-rekord-for-sjoemateksporten> [besøkt 6.9.2021].

Totalt innvilget tilskuddsbeløp til virksomheter i Vestland (mill. kr)


Sist oppdatert: 6. sept. 2021




440 millioner kroner til verksemder i Vestland frå kontantstøtteordninga

- I november 2020 foreslo Regjeringa ei ny kompensasjonsordning for verksemder med stort omsetnadsbortfall som følgje av korona, som bygger på den førre ordninga som gjaldt for perioden fram til august 2020. Ordninga blir ofte kalla «kontantstøtte for bedrifter».
- Ordninga blei opna for søkjarane 18. januar, og det er til no gitt støtte for perioden september 2020-april 2021.
- Per 6.9.2021 har verksemder i Vestland fått innvilga i overkant av 440 millioner kroner frå ordninga. Det er femte mest blant fylka, bak Oslo, Viken og Rogaland.
 - Verksemder i Oslo har fått innvilga over 2,4 milliardar kroner i støtte, men dette skuldast mellom anna at mange store verksemder får all støtte ført på hovudkontoret. Blant dei største mottakarane så langt er t.d. hotellkjedane Scandic, Strawberry og Radisson, seismikkselskapet PGS og reiarlaget Color Line, alle med hovudkontor i Oslo samt reiarlaga Hurtigruten Pluss med hovudkontor i Tromsø og Fjord line med hovudkontor i Eigersund. Dette er også noko av årsaka til at ein så stor del av støtta til Vestland er kome til Bergen.*
- Bergen og Aurland har samla fått 2 av 3 støttekroner til Vestland.
- Dei neste to sidene har meir informasjon om korleis støtta har blitt fordelt.

Totalt innvilget tilskuddsbeløp per kommune i Vestland (mill. kr) (kommunar med >1 mill kr)



Kjelde: Nettstadane «Innsyn i tildelinger av tilskudd fra kompensasjonsordningen for næringslivet», tilgj. frå <https://bit.ly/2LcEYji> og «Hvem har fått kompensasjon», tilgj. frå <https://tabsoft.co/3atxot7> [besøkt 6.9.2021]




Nesten 4,5 milliardar i offentlege tilskot til næringslivet i Vestland sidan 1.1.2020

- Regjeringa har publisert ei oversikt over støtta som er gitt til verksemder og næringar gjennom dei sokalla næringspolitiske verkemidlane sidan 1. januar 2020. Ikkje alt dette er korona-relatert, men mange eksisterande ordningar fekk oppjustert ramme og nye fullmakter som ein følge av krisa.
- I reine tilskot har verksemder i Vestland fått fjerde mest i landet, bak Oslo, Viken og Trøndelag.
- Til saman har det blitt gitt tilskot på nesten 4,5 milliardar til Vestland. Innovasjon Norge har gitt størst midlar til fylket.
 - I underkant av 2,5 milliardar kroner ekstraordinære verkemiddel eller verkemiddel med auka ramme.*
- Samla for dei åtte tilskotsforvaltarane har i underkant av 7 500 føretak i fylket fått tilskot. Merk at same føretak kan ha fått støtte frå meir enn ei ordning, så det reelle talet unike tilskotsmottakarar er lågare.
 - Det er klart flest mottakarar av støtte frå Skatteetaten, som forvaltar kompensasjonsordninga for omsetnadsbortfall i fjor.*

Kjelde: Nettstaden «Statistikkbank for næringspolitiske virkemiddel» frå Regjeringa. Tilgj. frå <https://bit.ly/2HIKePd> [besøkt 6.9.2021].

Over 4 milliardar i lån, garantiar og anna risikokapital til Vestland

- Regjeringa har publisert ei oversikt over støtta som er gitt til verksemder og næringar gjennom dei sokalla næringspolitiske verkemidlane til no i 2020, både koronarelaterte og ordinære midlar.
- I ordninga med lån, garantiar og anna risikokapital har Vestland det femte høgaste beløpet blant fylka i Noreg, bak Møre og Romsdal, Oslo, Rogaland og Viken.
- Føretak i Vestland har fått over 4 milliardar kroner gjennom desse ordningane. Det meste av dette kjem frå GIEK - Garantiinstituttet for eksportkreditt i form av garanterte lån.
 - *I overkant av 2 milliardar av dei midlane er frå ekstraordinære verkemiddel eller verkemiddel med auka ramme.*
- Over 700 føretak i Vestland har fått støtte gjennom desse ordningane. Merk at same føretak kan ha fått støtte frå meir enn ei ordning, så det reelle talet unike tilskotsmottakarar er lågare.



Kjelde: Nettstaden «Statistikkbank for næringspolitiske verkemiddel» frå Regjeringa. Tilgj. frå <https://bit.ly/2HIKePd> [besøkt 6.9.2021].

Det var alt for denne gong!

Spørsmål, ris eller ros kan rettast til:

Lasse Kolbjørn Anke Hansen (prosjektleder)

Vestland fylkeskommune

Epost: lasse.hansen@vlfk.no

Telefon: 99 22 84 58